

**Fra:** Thomas Bjørkeland <Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no>  
**Sendt:** 25. april 2018 11:28  
**Til:** Jostein Aksdal  
**Kopi:** Postmottak Voss kommune  
**Emne:** Vedr. Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for offentlig områdereguleringsplan for Vossevangen, planid. 2018001. Forholdet til marine kulturminne – Varsel om krav om marinarkeologiske registreringar

**Vedr. Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram for offentlig områdereguleringsplan for Vossevangen, planid. 2018001. Forholdet til marine kulturminne – Varsel om krav om marinarkeologiske registreringar.**

Me viser til brev motteke frå Voss kommune 26.03.18.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld områdereguleringsplan for Vossevangen, Voss kommune. Museet har tidligare gjort funn av ein båt og synketømmer innanfor det planlagde området. Desse blei vurdert som mindre viktige og den nordlege delen av planområdet blei anmoda frigitt for utfylling i rapport frå feltarbeid i 2002. Storparten av planområdet som ligg i vatn har ikkje vore undersøkt. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på botn av Vangsvatnet vurderar me for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varsler at me som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være båtfunn eller andre kulturminne i vatn i tiltaksområdet når saka kjem på høyring. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Med vennlig helsing  
for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland  
Marinarkeolog  
Direkte telefon: 55549611  
E-postadresse: marinarkeologi@bsj.uib.no